

JOLA

1939



**ROGALANDS
UNGDOMMEN**

MELDINGSBLAD FOR BONDEUNGDOMSLAGET I
STAVANGER OG SØR-ROGALAND UNGDOMSLAG

◆ ◆ ◆ „BONDEUNGDOMSLAGET” 22 ÅRGANG ◆ ◆ ◆

Nr. 8

Desember 1939

1 årg.

Det ringjer inn til høgtid.

*Det ringjer inn til høgtid for Gudesonen god,
vår jolefest er komen, men verda flyt i blod.*

*Det lyder engletonar frå høge himmelkor,
om fredens fagre bodskap til hatets harde jord.*

*Eit barn er født, oss gjeven av Herren sjølv til pris,
men verda skjelv i storm og gru av eit forlis.*

*Enn lyder kjærleiksordet, enn Fader-hjarta brenn,
av jolas store gåva til fred frå Himmelen.*

*Og difor tendrast stjerna på himmelkvelven blå,
I von om Kristus, Kongen, må hjartene få rå,*

*I von om Kristus, Kongen, må hjertene få rå,
så over land og grenser hans tempeltjeld kan nå.*

*Det ringjer inn til høgtid, det ringjer over land!
Må fredens guddomsord få hjartene i brann!*

Anna Time.

Englesongen.

Av pastor Engeland, Opstad.

*Sæle jolekveld!
Englar høgtid held,
Syng idag den same songen
Som dei song den fyrste gongen
Yver Betlehem:
Sjå, din Frelsar kjem!*

Kan me syngja med? Lat oss vedkjenna oss det, at det er ikkje så lett å syngja den same songen denne jolekvelden. Allvisst ikkje med same hugnad som før.

Med krigen så nær inn på livet av oss! Grannelandet i aust som ei slagmark! Dødsbod frå havet inn i heimane våre! Korleis skal me då få det til å syngja med fullt hjarta om fred på jorda? Freistar me å lata att auga og øyra for det som hender rundt ikring oss, og syngja trass i alt, så greier me det ikkje. Det er som halsen snørest til og kvæver lovsongen inne i oss.

Men englar syng den same songen.

Skal då me teia og lata englane syngja; dei som kan? Skal all lovsong tagna hjå oss, så me står der tagale og utan von?

Englar, dei er Gud nære! Lat oss heller som dei halda oss nær til Gud. Kan henda vil det løysa opp for oss!

Hyrdingane i bygda der dette hende, låg ute og vakta buskapen sin om natta. Vakta han mot villdyr og valdsverk. Dei levde og i ufredstider; dei var borgarar i hersett land. Endåtil det vesle barnet i krubba måtte snart røma landet og fara til framandt folk og der søkja skydd mot valdsverk frå dei som rådde for land og rike.

Når me tenkjer vel over alt dette, er det så ikkje beint fram vågalt av Gud å senda son sin til verda: Til slik ei verd! Men han kunne ikkje anna. Han måtte. For slik er kjærleiken hans til oss villfarande og ulukkelege menneskeborn. Han kan ikkje venta til me lagar oss fred sjølve; for det maktar me aldri. Midt i ufreden som me lagar til, sender han son sin som eit himmelbod om den freden som kjærleiken hans skaper for oss, og har ferdig til oss.

Midt inn i ufreden sender han sin fred. Midt inn i synda sender han si frelse. Han er alltid så heilt onnorleis enn me er. Han er den kjærleiksfulle; han er den heilage. Han er den sterke.

Hyrdingane hørde englesongen og lydte englebodet. Dei gjekk og ville sjå dette som hadde hendt og som Herren hadde vitra dei om. Dei sette seg ikkje ned og meinte det var til fånyttes å leggja ut på leiting. Dei skunda seg bort, og dei fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba.

Så vil me og skunda oss bort og halda oss nær han. Og opna oss for hans fred; ikkje den som menneska gjev.

Hans fred har med seg domen over vår ufred. Hans kjærleik har med seg

Tannlækjar

KIRSTINA TAKLE

Bryne

Kontortid: 9—13 og 16—19

MATSTOVA

Bryne

Open frå 8 — 23

Middag frå 12 — 15

JONAS JØRSTAD

Bryne

Bokhandel — Papirhandel

Stort boklager:

Diktbøker • Spelstykker
Faglitteratur • Skulebøker

Kontor- og trykksaker

BRYNE

ALT

I

MANUFAKTUR

OLAV LINE

Teiknekontor. Byggjeforretning

Bryne

Asbjørn Haalands eff.

Overrettssakfører

ØGLÆND

Bryne

PROSEDYRE • INKASSO

ORDNINGAR

Sal av eigedomar

*DET ER INGEN TING TIL Å
UNDRAST OVER at dei som viser
Rogalands-Ungdomen velvilje med
å lysa i bladet, også vert møtte
med velvilje av dei som les bladet.*

Fotografiapparat og Film.

Vanleg film og pankromatisk film av dei
beste merke.

Framkalling og kopiering.

JONAS JØRSTAD, BRYNE

Fotografisk forretning

Columbia og His Masters Voice grammofonplater.
Ny sending kvar veke.

●
ALT TIL HUSBYGGING

Brødrene Hetland

Bryne

Telefon 36

► BRYNE ♦ SANDNES ◄

**Landbruksmaskinar — Støypegods
Radio og Elektriske varer.**

 **Erlands** MASKINFORRETNING

BRYNE

JÆREN PRIVATBANK A/S
B R Y N E

Utanom vanlege bankforretningar sel og kjøper vi innan- og utanlandske sjekkar og ordnar med inkasso på Jæren.

Leiger ut boksar i kvelvet

Skal De ha springvatn?

så kjøp

B. M. V. Automatisk Pumpeanlegg

Varer ein mannsalder • Går stilt • Brukar lite kraft
Treng minimalt tilsyn • Rimeleg pris

Norsk arbeid!

Bryne mek. Verksted A/S - Bryne

Brødrene Fjogstad

Sandnes

Lager av:

Høvla og uhøvla bygningsplankar

Høvla og uhøvla bord

Listverk og snikkarvyrke

Rundvyrke både i større og mindre
dimensjonar

Papp • Skifer • Stift • Insulite

 Me leverer ferdige hus etter teikning.

PAUL HETLAND A/S

Telefon 448b

SANDNES

Syklar

Sykkeldeler

Vølingar på dagen!

domen over vårt hat. Hans frelse har med seg domen over vår synd. Han dømer oss, så han kan gjera oss fri frå oss sjølve og fylla oss med sin fred, sin kjærleik, si frelse.
Då kan me syngja i med englane:

*Sæle jolekveld!
I vårt låge tjeld
Vil no Jesus heimvist taka
So hans brøder små kan smaka
Her på jord den fred
Som Guds englar gled.*

T. I. E.

Hjelp til Finland.

Enno har ikkje krigen sine redsler nått vårt land. Me har ikkje prøvt kva ulukke og liding krigen fører med seg. Me førebur oss til jolehøgtida slik som me før har gjort.

I *Finland* ligg alle våpenføre menn ved fronten. Dei trassar snø og kulde og set livet til. Dei ofrar blodet sitt for fridomen og fedrelandet — og dermed for alle oss nordbuarar som er truga av fåren frå aust.

Kvinner, born og gamle rømer heimane og søkjer livd i skog og løe. Den Raude Krossen vil lindra krigsredslene, og me oppmodar kvar einskild til etter evne å vera med i dette nestekjærleike arbeidet. Dei innsamla pengane vert sende til den finske legasjonen.

Sør-Rogaland Ungdomslag.
15 desember 1939.

Til frilyndt ungdom!

Det lid til jul, den store fredsfesten for alle kristne menneske. Men diverre er det tunge tider for så mange.

Styret i Noregs Ungdomslag vil be ungdomen koma i hug dei som lid vondt, koma dei i hug ikkje berre i tankar og ord — men i gjerningar.

Den beste måten å høgtida den kristne fredsfesten på er å styrkja og frigjera viljen til å hjelpa dei som har det vondt. Og den oppgåva er større i år enn nokon gong før.

For oss her i nord ligg det nærast å hjelpa til å lindra lidingane til det finske folket. Difor: Samla inn pengar til *Den Finske Raudekrossen*.

I kvar sine bygder må ungdomslaga ta opp og organisera slikt innsamlingsarbeid. Kvar frilyndt ungdom må gjera sitt til at juletida kan bera sælebot og lindring til dei her i nord som lid mest under råskapen i verda.

Oslo, i styret for Noregs Ungdomslag.

Knut Eik-Nes.

Johs. Eidnes.

N. E. Ringset.

Klara Semb.

Vegard Sletten.

Kristoffer Sælid.

Ragnarok.

At Europa i dag er ute i ofseleg stormver er det ingen som treng tvila på. Me minnest siste verdskrigen, den som skulde gjera ende på all krig i framtidi, og skapa eit lukkelegare folk.

Og så vart dette endskapen.

25 års arbeid med å byggja upp att eit sundrive, og utarma Europa ser ut til å verta heilt vonlaust.

Det er som alle vonde vette er vakna, i tusundtal vert folk lyste i utlegg, for skuld tru og tenkjemåte.

Avtalor og traktatar er ikkje verd papiret dei er skrevne på. Einast makt, og berre makt tykkjest vera det rette.

Og ungdomen må no som alltid fyrr taka den styrste støyten. Skal me aldri koma så langt at krig vert lyst i utlegd?

Kan det løna seg i denne tidi å arbeida for fred, ikkje berre for i dag, men for framtidi?

Det er ting som tyder på at der kan vera von.

I dag gjeng ingen i krig med faner og klingande spel, slik dei gjorde for 25 år sidan.

Krigen hev mist glansen sin, dei gamle slagordi for å få folk til å gå i krig, gjeld ikkje lenger.

Her meiner eg den frilynde ungdomen hev ei stor oppgåva, me lyt samla alle mot dei krefter som set spelet i gang.

Dei som leikar seg med menneski, liksom katten leikar seg med mus, og berre tenkjer på eigi vinning.

Samstundes lyt me vera med å hjelpa til å lindra naudi for alle dei som lid utan skuld.

Det vil hjelpa til å auka samkjensla mellom landi, å auka tru, og tiltru.

Skal Europa reisa seg att, så må mange gamle fordomar og stengsle rivast ned.

Har den frilynde ungdomsrørsla noko med andre land å gjera, vil mange undrast.

Ja det er nett det ho hev.

Sjå t. d. på dei nordiske ungdomstemnorne, der samlast ungdom frå ulike land, og med ulike levevilkår, dei lærer einannan å kjenna, forstår betre det sermerkte hjå einannan, samkjensla vert større.

Det hev vore tala og skriva om eit Europas sambandsstatar. Det er eit ynske — det må verta meir! I ei eller onnor form må det skapas eit betre Europa for dei ætter som kjem etter oss.

Den frilynde ungdomen hev alltid sett seg store mål, og eit større mål kan vel snaudt tenkjast i dag, enn å få vera med å tryggja all ungdom i Europa ei lukkeleg framtid.

Då kan det endå verta ei stund før Ragnarok kjem.

O. N.

Roman av Kåre Hognestad.

Sokneprest Kåre Hognestad i Time har tidlegare gjevi ut to diktsamlingar, «Fra julenatt til påskedag» og «Evhighet og tid». I år kjem han med ein roman, «Som et menneske sår — —.» Boka fortener den gode kritikken ho har fått i dagspressa, og ho fortener at ungdomen les henne.

B.



7 Syklar

i alle prislag

D. B. S.

Den beste sykkel

Tempo

The World

Kamerat

og billegare merke

Tempo Lettvektsmotorsyklar
certifikat- og trygdefrie.

Katalogar vert sende gratis.

JONAS ØGLÆND

SANDNES

Norges største sykkefabrikk

Skal De
ha gjort noko
røyrleggjararbeid?

Me monterer drikkekar
og automatiske pumper.
varme- og sanitærverk

Vølingar greier me snøgt
og rimelegt!

GUNNAR LARSEN

Aut. rørlegger

Telefon 490a

Gimregarden — rett op av Krossen

Sandnes

HØYLAND SPAREBANK

Oprettet 1858

Forvaltningskapital 12 506 952,00 kr. Eigen formue 1 454 585,00 kr.

Mottar innskot til høyeste rente.

Mat?

Gå til

Centralkafeen




**Moderne
automobilverksted**

◆ Komplette lager av deler


Olav Rieber Thorsen

Telefon nr. 99

SANDNES



SANDNES



Kjøp hjå

OLAV SAGLAND
SANDNES

Sjokolade
Tobakk
Frukt

Dresser
Frakker
Kjoler
Kåper

JAKOB IDLAND
Krossen — Sandnes

Kjøp skotyret

hjá
Svend Svendsen
Skotyfabrikk - SANDNES

Bøker - Papir
Fyllepennar - Film
Framkalling - Kopiering

Alle slag prentesaker
God og vakker innbinding
til rimeleg pris.

Ingvald Dahle
Sandnes.

Vi fører det beste av

Landbruksmaskinar og reidskap
Vasselingsrøyr, omnar og kaminar

Rogaland Landbruksforretning A.s.
Telefon 241b SANDNES

Allslag
reidskap for gardsdrifti

får De best og billegast

frå

Arnt Risa
Maskinforretning - Sandnes

Hugs bryllaupssongen!

Skriv ein song til venen eller veninna
Dykkar på bryllaupsdagen!
Me mangfaldar alle slag songar for Dykk
Kr. 4,00 for 50 stk., kr. 5,00 for 100 stk.
Send tinging i tide!

Høyland Bok- og Papirhandel A.s.
Gjesdalveien — SANDNES

Klær?

Gå til

Olav Norheim
Sømmegården

Stor premietevling.

Kvess pennane dykkar, godtfolk!

Det syner seg at skrivehugen mellom ungdommen i Rogaland er ikkje radt så stor som ein kunne ynskja. Ja, det må tvillaust vera skrive-*hugen* det skortar på. For me får oss ikkje til å tru at det er skrive-*førleiken* som står så til atters.

Me som liksom skal stella med dette høgvyrde organet vårt har freista få ordskifte i gang rett som det er. Men til fånyttes. Ikkje ein gong om eit så høgaktuelt emne som *football* er det kome noko tilsvar.

Sjølvsagt kan årsaka vera at det som står i «Rogalandsungdomen» er så tvert i gjennom godt at ingen vågar seg til motmæle. — — Men det er plent som me tvilar på det og, i tunge stunder. — —

Det er ofte berre eit tiltak med skrivning. Ein syter med det i lengste laget. Men no, godtfolk, er det så mykje å vinna at likesæla *må* jagast på dør!

Ein vyrd lagsmann i Bondeungdomslaget, *Gunnar Løvik*, er nemleg komen på den framifrå gode ideen at det bør skipast til ei ålvorleg tevling om gode bladstykke. Han har difor sett opp 6 ovgilde, svarva treskåler til premiar. Tre for innlegg til «Rogalandsungdomen» og 3 for bladstykke til «Bondeguten» (det handskrivne bladet i Bul.).

Tevlinga er såleis tilmåta:

For «Rogalandsungdomen»: Alle medlemmer i Nord-Rogaland ul., Sør-Rogaland ul. og Bondeungsdomslaget i

Stavanger kan vera med i tevlinga på desse vilkåra:

1. Innlegget (prosa eller dikt) må fylla minst 1, men ikkje over 4 teigar i dette bladet.
2. Dei premierte bladstykkja vert offentleggjorde i «Rogalandsungdomen». Domsnemnda har og høve til å offentleggjera andre innkomne stykke.
3. Bladstykkja må vera innkomne før utgangen av februar 1940.

For Bondeguten gjeld same reglane som ovanføre med det undantaket at denne tevlinga berre er for lagsfolk i Bondeungdomslaget.

Alle bladstykkja til dei to tevlingane sender ein til skrifvarstova åt Bul. med namnesetel i attlæst konvolutt, med påskrift om dei er etla til «Rogalandsungdomen» eller til «Bondeguten».

Til domsnemnd har Gunnar Løvik peika ut Anders Løvik, Vegard Sletten og Johs. Hatteland. Dei skal ikkje ha høve til å vera med i tevlinga.

Alle som les dette skjønar venteleg at no gjeld det om å kvessa pennane sine. Og me er visse på at mange kjem til å vera med i konkurransen. Det er fritt å skriva om kva ein vil, så alle kan få dyrka sine interesser. Romhelga skulle vera ei høveleg tid til literære idrottar.

Som ljaset — — —

— Me kjenner alle saman verset på gravhaugen åt Arne Garborg. Det fyller oss støtt med så mange tankar. — Vert venare og venare for kvar gong me les det. Berre den store meisteren kan skriva såvore:

*Som ljaset hev den eine draum
å brenne ned,
han helsa glad den skoddeflaum
som gav han fred. —*

I det heile er det noko useieleg vakert med ljaset! Difor vert det jamt nytta i symbolsk tyding.

Ein eldre lagsmann i Bondeungdomslaget fortalde nett om ein tale han høyrde i Bjergsted med det same han var komen til byen for omlag 40 år sidan. «Eg har eit ynskje for dykk unge,» sa talaren, «og det er at heile livet dykkar må verta som ljaset. For det brenn med same logen heilt til endes.»

Eit såvore ynske manar til ettertanke. I ei verd full av redsle og elegdom kunne det sakte trengast at kvar og ein av oss vart fylte av hugen til å verta som ljaset.

Speiarane får med seg ei oppmoding om å gjera minst ei god gjerning kvar dag. Enn om me sette oss føre å gjera det same i året som kjem? Kan henda ville me då med tida verta *litt* meir like ljaset enn me er i dag.

Festar i Bul. kring årsskiftet.

Som vanleg vert det fleire festar i Bondeungdomslaget ved nyårsleitet.

Nyårsfesten: Frå lysinga annan stad i bladet vil de sjå kva vilkår fest-

nemnda byd inn på. Festen er fyrst og fremst tenkt å vera berre for lagsfolk i Bul. Men nemnda er ikkje verre på det enn at ho slepp inn gode kjenningar og. Dvs. dersom plassen gjev høve til det. Rett nok er ikkje tilhøva slik i Europa i dag at dei manar til fest nett. Men festnemnda vil nok skipa nyårsfesten slik at det vert ein verdig overgang til det året som utan tvil kjem til å få så mykje å seia for den vesterlendske kulturen.

På eit par av dei siste festane har gjeve ungdomar frå andre ungdomslag vitja oss. Dei har lika seg godt og låti følt vel over festane i Bul. No som alltid er traust ungdom frå bygdene velkomne til samkomene våre.

Joletrefesten kjem på ei litt onnor tid i år enn elles. Den er fastsett til sundag etter nyår, 7 januar kl. 20.

Føre jol er det nett som den rette stemninga vantar. *Mellom* helgane er det slik laga at mange lagsfolk er heime på landet. Difor skulle me denne gongen prøva med jolerefest etter årsskiftet. Det plar elles vera på den tida folk flest held desse festane.

Programmet på jolerefesten vert som vanleg: Tale, gang kring treet, song og opplesing og mat. Omfram gildt vert det med songen denne venda avdi songaren *Sandvoll* har lova koma på festen. Alle er velkomne. Festpengane er som vanleg kr. 1,00.

Joletrefesten for born vert torsdag 4 januar kl. 16½ (½ em.)

Det har ofte vorti litt seint på kvelden med desse barnefestane. Sume foreldre har mislika det. I år ser det heilt annleis ut. Klokkas ½ skulle det verta råd å koma ut og heim (det siste er kan henda det viktugaste) i skipeleg tid.



SOMA

ved Filmteatret

Forlovelsesringer

Billigste priser!
Største utvalg

Frukt
Tobakk
Cigarar

Alltid gode varor

OLAV HAMRE

Telefon 3440

Nytorget 5

Kåpe- og Kjølesøm

utføres

Nelly Husebø

Telefon 4232

Laugmandsgata 4

Kjøp BØKER
OG
PAPIR

i NYGATEN 2
øverste hjørnehus

K. OPSANGER

BOKHANDEL — PAPIRFORRETNING

ANDVAKE Det går framleies godt og jamt framover med Andvake. Målfolket i Rogaland som andre stader i landet, bør difor samla seg um Andvake når det gjeld alle former for livstrygding.

Umbodsmenn i Stavanger:

lærer Magnus Vaage, Wesselgt. 32
skuleinspektør Øystein Eskeland
frk. Gunhild Bjerkreim, Suldalegt. 12
kontormann L. Torgersen, Kampenegt. 4
gartnar Sverre Steinsvoll, Paradis 76
forretningsfører Ingvaldstad, Brønngt. 28

Det er venteleg tenleg for Dykk å høyra med ein av dei fyrr De tek avgjerd um livstrygding.

Frue Meieri

Norges største meieri.

STAVANGER

Overrettssakførarane
Ueland og Våland
Stavanger

Stavanger
Colonialforretning

har byens beste
brendte kaffe

VAALAND
DAMPBAKERI
(G. Sønneland)

Musegaten 46 — Telefon 1810 f
Utsalg:
Skolegaten 17 — Telefon 3520

A. Mauland A/s
Klostergården - Telef. 2645

Elektrisk Forretning
Radioapparater



Engelsmindegaten 15 - Telefon 311
Lars Bø

Elektrisk
installasjonsforretning

Ingi gáva

pryder

som blomar frå

Blomsterhallen

Belysningskunst



Cicelør - Verkstad Helandsgt. 45

Ingeleiv Eikeland
Syforretning

Kyrkjegt. 18 - Telefon 3594

Kjole- og kåpesaum

Godt arbeid!
Rimelege prisar og
alt i nyaste snitt.

Programmet og maten vert visseleg heilt i samsvar med smaken åt den yngste generasjonen. Me spår difor fullt hus og framifrå avsetnad på sjokoladen. — — —

◆ **Lagsmeldingar.**

Styret i Sør-Rogalands ungdomslag har hatt møte og vedteki å samla inn pengar til Finnland. (Sjå oppmodinga i dette nummeret!)

Av Sør-Rogaland sin tridjepart av overskotet på Sandnes-stemna vart det løyvt 100 kroner til eit sams propagandafond for Rogaland, under den føresetnaden at Nord-Rogalands ungdomslag og Bul. i Stavanger ýter minst like mykje.

Styret sa seg viljug til å utvida samarbeidet om «Rogalands-Ungdomen» til Nord-Rogalands ul.

Frå «Bjerkreim Ungdomslag», som nyleg har meldt seg inn, låg det føre lovframlegg. Styret rådde til nokre mindre brigde i lova. John Hårberg er formann.

Årsmøtet vert truleg på Bryne laurdag den 18 februar.

Konsulent Gjelsvik i Ny Jord har sagt seg viljug å koma hit i slutten av januar. Han vil fortelja om andre stader i landet der han meiner jærbruar vil få gode bureisingsvilkår.

Velkomen!

Formannen i Sør-Rogalands ungdomslag, *Torkell Norheim*, har i vinter gått på eit kurs ved Statens politiskule i Oslo. No er han komen vestpå att. Han har nok mykje interessant å fortelja frå turen, og me vonar han vil få høve til å koma rundt i laga.

Fest på Bryne!

Laurdag den 9 desember hadde Bondeungdomslaget på Bryne fest i Festiviteten.

Me fekk alvor og skjemt av Theodor Dahl, pianomusik av lektor Jonsbråten, sketsj av nokre speiargjenter og orkester med refrengsong av søstrene Takle. Elles var det folkeviseleik og turdans.

Festlyden var stor, programmet var godt og skiftande, og gymnaslærer Skjæveland styrde festen på ein lun og koseleg måte. Det vart difor ein svært gild kveld.

◆ **Rogalandsungdomen vert større!**

Som det vart slegi frampå om alt i fyrste numret av «Rogalandsungdomen» var det meininga at både Nord-Rogaland og Sør-Rogaland ungdomslag skulle vera med å gjeva ut eit meldingsblad saman med Bondeungdomslaget i Stavanger.

Av praktiske grunnar vart det ifjor berre til at Sør-Rogaland kom med det fyrste året. Det har gått utruleg godt. Samarbeidet har vori det beste. Og me har jamvel hatt ein tokke av at ungdomen utover *likar* denne vesle bladappen. Og det er godt gjort i tider då berre alt av stort format tykkjest vera i vinden.

Frå fyrste nummer neste år kjem Nord-Rogaland ungdomslag med i dette bladtiletet. «Rogalandsungdomen» kjem då til å koma med 24 sider, mot før 16. Elias Vanvik er vald til bladstyrar for den nørdeste luten av fylket.

Me tvilar ikkje på at dette nye innslaget vil verta til det gode for «Rogalandsungdomen». Det var liksom noko som *vanta* før. *Namnet* høvde heller ikkje retteleg når ikkje heile ungdommen i Rogaland var med. No skal han koma.

Me kjenner oss visse om at det nye samarbeidet vil gå likså godt som det førre, til kveik, gagn og gleda for ungdomsarbeidet kring i Rogaland fylke.

Med desse orda helsar me Nord-Rogaland ungdomslag velkomen i fylgjet!

Saklista:

Torsdag 4 januar: Ikkje møte.
(Joletefest i Barnelaget.)


Sundag 7 januar: Joletefest.

Torsdag 11 januar: Foredrag.

Torsdag 18 januar: Program ved Gubbelaget.

Torsdag 25 januar: Årsmøte.

Utsendingar til årsmøtet i Rogaland Mållag 30 desember kl. 13: Liva Austvoll, Johs. Hatteland, Otto Hiim, Harald Takle, O. A. Vestbø, Einar Molaug, Birgit Bø, Lars Bø og Astri Tjensvold.



Me ynskjer alle lesarane ei retteleg god og fredeleg jolehelg og eit godt nytt år! Takk for det gamle!

NYÅRS-FEST

nyårsafta kl. 20 i Bul. Tilgjenge berre for lagsfolk, og kjenningar dersom det er plass.

Billetter bør vera tinga hjå forretningsfører Løvik eller under-skrivne føre torsdagskvelden 28 desember.

Inngangspengar kr. 2,00 for lagsfolk. Kr. 3,00 for ikkje-lagsfolk.

For festnemndi
Jon Mo.

Siden 1879:
Den beste
plog
som har gån
i norsk jord.

Kverneland


Plogane våre har i ein mannsalder merkt seg ut med lett og stø gang, traustleik og ein uvanleg slitestyrke.

Berre det beste er godt nok. — Kjøp Kverneland sine plogar!

KVERNELANDS FABRIK
KVERNELAND

BJ. KVERNELAND - 1927.

STAVANGER



*På kjøretøiet
skal storfolk kjennes. Kjør*
SVITHUN SYKKEL

MASKINHUSET A/S

Bredgt. 9, Stavanger

Største utvalg i
Spaser-, Sports-
og Arbeids . . .

Skotøi

Dame, herre og barn i alle prislæg.

Landets beste fabrikker

Yderst lave priser

Best - billigst.

En detail- en gros

O. THORSNÆS

KIRKEGATEN 42

STAVANGER
TELEFON 3690

A. IDSØE

Telefon . . 102 - 458

Rikstelefon 3020 - 3089

*Byens største Kjøtt-
og Pølseforretning*

Etablert 1828

Parafin
hengelampor

Elektriske
ljosekronor

J. ØSTEBØ

STAVANGER

Verksgt. 2 - Telefon 1873

Steinty
Postelin

Glasvaror

En gros - En detail

ALT I

HEILNORSK GARN

Rogalandsgarn • Tvinggarn • Glitregarn • Gretegarn

Norgesgarn • Plantef. garn • Slumregarn

ROGALANDS ULLVARELAG
BREDGATA 16

Godt drikka!

Løna med fleire medaljor



Hjå meg kann De få kjøpa

BRUS ● SELTERS ● FARRIS

SØT OG SUR SAFT ● EPLESAFT

VYRTERØL ● IDUN EDDIK OG SENEP

GUNNAR LØVIK

Kongsgata 36 - Telefonar 727k, 928



**Garantien for
god margarin!**



1/5 MARGARINCENTRALEN